

STATUTTAR SAMLAGSSTEMNET MINIATYR

Program

Meisterskapet arrangerast som eit DFS 35-skotsprogram.

Det nyttast her vanleg 35-skots utandørs meisterskapsprogram, med fortløpande omgang for dei ulike meisterskapsklassane. Det skal berre skytast prøveskot før hovudskytinga.

Styret kan, etter søknad frå arrangørlaget, gje løyve til at meisterskapet blir arrangert med innandørs 25-skotsprogram om forholda tilseie det.

Påmelding

Påmeldinga gjennomførast som ei lukka påmelding og det blir satt opp klassevise lag.

Innskot

PREMIEINNSKOT – ARR.AVGIFT - MEDALJEANDEL

SENIOR/VET 80 – 70 – 40, TOTALT= 190 KR

REK/JUN/EJ 50 – 30 – 20, TOTALT = 100 KR

NU/NV 50 – 30, TOTALT = 80 KR

Lagskyting

Innskot: 250kr pr. lag.

Samlaget krev inn avgift for lagskytinga etter at stemnet er gjennomført.

Oppsett: R/ER/J, 3-mannslag med minimum ein junior.

Veteran, 3-mannslag utan krav om minimum ein V55.

Senior, 3-mannslag med skyttarar i klasse 3-5 og/eller EJ

Laget består av dei 3 beste skyttarane frå kvart skyttarlag. Laget blir trekt ut automatisk og alle skyttarlag som har nok skyttarar til å stille lag deltek på skytinga. Ved lik poengsum rangerast laga etter tiarregel.

Rangering og premiering

Ved lik poengsum så blir det rangert etter tiarregelen. Er dette fortsatt likt så blir det rangert etter seriar. Er det eit 35-skotsprogram blir det rangert frå omgang, grunnlag, 3.serie, osv. Er det eit 25-skotsprogram så blir det rangert frå serie nr. 5, 4, 3, osv.

Samlaget står for premieringa av meisterskapet mens arrangør premierar for hovudskytinga. Det delast ut 3 medalje i alle ungdomsklasser. Ein NAMMO-medalje med diplom og glasvase, mens nr. 2 og 3 blir tildelt DFS sin ungdomsmedalje. NAMMO-medaljen og diplom blir sendt frå skyttarkontoret automatisk mens ungdomsmedaljane må bestillast med skyttarkontoret. Det blir utdelt meisterskapsmedalje i gylt valør til klasse 2, V55, V65, V73. I klasse 3-5 blir det delt ut medalje i tre valører. I tillegg skal vinnar av klasse 3-5 få tildelt same type glasvase som ungdommane og meisterskapsnål. Glasvasane bestillast med Orkla Trykk. Arrangøren velje sjølv om det skal delast ut gåvepremiar eller pengepremiar for hovudskytinga.

Resultatservice

Arrangør sender komplette resultatlistar og resultat for lagskyting til samlaget på e-post. Desse resultata skal leggjast inn på OneDrive'n til samlaget.